

Tur 1

KNUTSHOLET ca 1400 moh: 3-4 TIMAR

Fin tur til en verkeleg øde og vill dal.

Gå mot Torfinnsbu over Veslåa og østover til stien svingar mot Svartdalen. Der tar du av og går via Vågåbua og Jo-Gjende-bua på umerka tråkk langs Gjende til Knutsholsåe. På vestsida av elva inn i dalen til den vakre breen som ligg der inne.

Kan varierast med å leige robåt eller kano på Gjendebu og ro/padle langs sørbredden til Knutsholsåe.

Tur 2

STORE KNUTSHOLSTIND 2341 moh: 6 – 9 TIMAR

Mot Torfinnsbu til det første vatnet i Svartdalen. Omtrent midt på det første vesle vatnet – i en liten bekkedal før du kjem til dei grove morenene – ligg det en stor stein til venstre for stien med en liten (som regel nedrast) varde på toppen. Du vil finne beskjedne vardinger med denne steinen som utgangspunkt, og en og annen gammal T. Du går stort sett rett mot toppunktet heile vegen. Hvis du er i tvil om vegvalget så hold alltid mot nord (til venstre).

Lang med relativt enkel stigning i grov ur til toppen, som i lang tid var vurdert til å være Norges høgaste fjell.

Tur 3

SVARTDALSPIGGEN 2137 moh: 5 - 6 TIMAR

Lettvint måte å kome seg verkeleg høgt til fjells på! Følg stien mot Torfinnsbu til du kjem opp på Svartdalsoksla. Like før terrenget flater ut tar du til høgre og kjem inn på tydeleg og delvis varda sti som fører deg til toppen av Nordre Svartdalspiggen. Som en variasjon kan du ta returen via Langedalen. Det er også muleg å følge ryggen sørover til nabotoppene, Store (2174 moh) krev ingen klatring

Tur 4

SLETTMARKSHØ 2190 moh: 7 – 8 TIMAR

Lite besøkt og flott utsiktspunkt. Følg stien mot Fondsbu til denne kryssar Veslåe på bru, litt vidare og du ser umerka men tydeleg sti som tar av mot sør (venstre). Følg den over høgde 1348 og kryss elva frå breen på det flate plataået, gå først til Nordre eller gå mot skaret mellom toppane. Høgaste toppen er den med en breklatt på.

Tur 5

SLETTMARKKAMPEN 2032 moh: 7 - 9 TIMAR

Som tur 4 til høgde 1348, deretter rundt formasjonen Rundtom og opp vestryggen mot Slettmarkkampen. Det er muleg å forlenge turen med den delvis luftige passasjen til Slettmarkspiggen 2164 moh, men det kan være krevande og ved vått/vanskelig vær er klatreutstyr å anbefale.

Tur 6

GJENDETUNGA 1516 moh: 2 – 4 TIMAR

Ca 500 meter mot Fondsbu, ta av til høgre ved skilt ”Gjendetunga” og følg umerka men veldig tydeleg sti heilt til toppen. Vekslande og flott utsikt. Du kan gå tilbake via Grisletjern og Veslådalen. Gode fiskemulegheiter.

Tur 7

BUKKELÆGERET – STORÅDALEN ca 1500 moh: 4 -5 TIMAR

Forbi rutebåtkaia og vidare på sti mot Memurubu. Svært variert fauna med gode mulegheiter for botanisering. Bratt oppstigning det legendariske ”Bukkelægeret”, følg stien til stikryss der du tar mot vest (til venstre). Flott og varierende utsikt og gode fiskevatn på veggen over fjellet og ned i Storådalen, der du følger Leirvassbu-stien tilbake til Gjendebu.